



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Øistein Aasland, 5557 2322

Vår dato
04.06.2015
Dykkar dato
26.05.2015

Vår referanse
2014/2484 441
Dykkar referanse


Elisabeth Tonheim
Rosenlund
5955 LINDÅS

Løyve til utplassering av kunst i friluftsområde Kvalvågneset, gnr. 84, bnr. 1 - Lindåsosane i Lindås kommune.

Prosjektet «Sjøutstilling i Lindåsosane» v/prosjektleiar Elisabeth Tonheim søker om å få plassere enda eit kunstverk på ein holme - Hanøyna i Lindåsosane (gnr. 84, bnr. 1). Hanøyna er ein del av friluftsområde Kvalvågneset. Det er Miljødirektoratet som står som eigar av området, og det er Bergen og Omegn friluftsråd (BOF) som er ansvarleg for drift- og vedlikehald av friluftsområdet. Fylkesmannen opptrer som grunneigar og rettshavar på vegne av staten. Det inneber eit ansvar for oppfølging av saker som vedkjem forvaltninga av dei statleg sikra friluftslivsområda. Fylkesmannen kan gje løyve til midlertidig omdisponering i inntil 10 år.

Kunstverket, som er planlagd å sette ut i år, er eit fotografi som er trykt på metallplate og skal festast i ein liten bergvegg som går rett ned i sjøen på denne holmen. Motivet har tilknyting til holmen.

Det er tidlegare utplassert seks kunstverk i området kring Lindåsosane, og tanken er at verka forfall og endrast ved naturleg slitasje. Så lenge det gjev folk noko, vert det ståande, men fjernast når det reknast for forsøpling. Utstillinga skal supplerast med eit nytt verk i året.



Etter naturmangfaldlova skal alle vedtak, som rører ved natur, vurderast etter miljøprinsippa i §§ 8 – 12. Som kunnskapsgrunnlag (§ 8) legger vi Naturbasen til Miljøverndirektoratet til grunn. Det er ikkje kartlagt nokon naturverdiar, som er av en slik karakter, at det omsøkte kunstverket vil ha nokon negative verknader på desse. Det er heller ikkje noko ved søknaden som skulle tilsei at det vert relevant å vurdere Føre-var-prinsippet (§ 9).

Når det gjelder §§ 10 til 12 (økosystemtilnærming og samla belastning, kostnader ved miljøforringing, eller miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar) så er tiltaket så lite, og vil forstyrre så lite, at det ikkje er grunnlag for å vurdere desse tema.

Vedtak:

Fylkesmannen i Hordaland gjev Prosjektet «Sjøutstilling i Lindåsosane» v/prosjektleiar Elisabeth Tonheim løyve til å plassere eit kunstverk på Hanøyna i Lindåsosane i det statlig sikra friluftsområde Kvalvågneset friluftsområde - gnr. 84, bnr. 1 (sjå kart over i saka).

Kunstverket er eit fotografi som er trykt på metallplate og skal festast i ein liten bergvegg som går rett ned i sjøen. Motivet har tilknyting til holmen.

Det vert sett som vilkår at;

- Kunstverket kan festast på Hanøyna ved å bolte biletet fast i fjell.
- Området biletet vert sett opp på skal ryddast etter at kunstverket er satt ut.
- Installasjonen kan bli ståande i 10 år, dvs. inntil juli 2025. Dersom den vert øydelagd eller misser sin funksjon som kunstverk før dette, skal Prosjektet «Sjøutstilling i Lindåsosane» sørge for at den vert demontert og tatt bort. Dei skal sjå til at alle spor etter installasjonen vert fjerna.
- Fylkesmannen skal ha tilsendt bilete av kunstverket etter at den er satt ut. Desse bileta skal sendast til fmhooaa@fylkesmannen.no

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.
ass. miljøvernsjef

Øistein Aasland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi sendt med e-post til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Bergen og omland friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM